

AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID OM KOMMUNE- OVERSKRIDANDE HJORTEFORVALTNING ETTER § 28-1 b I KOMMUNELOVA

Avtalepartar og rollefordeling

Partar i denne avtalen er Osterøy og Vaksdal kommunar.

Osterøy kommune er vertskommune/adminstrasjonskommune med administrasjonsansvar, medan Vaksdal kommune er samarbeidskommune. Begge kommunane er deltakarkommunar.

Rettsleg grunnlag

Avtalen har rettsleg grunnlag i:

- Lov av 25. september 1992 nr 107 om kommuner og fylkeskommunar; § 28-1 b vertskommunesamarbeid (Kommunelova).
- Viltlova med tilhøyrande forskrifter.
- Kommunestyrevedtak i respektive kommunar.

Føremål

Føremålet med avtalen er å samarbeide om offentlig administrasjon av hjortevald som inngår i kommuneoverskridane bestandsplanområde etter § 17 *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*.

Adminstrasjonen omfattar vald i Osterøy bestandsplanområde.

Mynde, ansvar og oppgåver for vertskommunen

Vertskommunen får etter kommunestyrevedtak i samarbeidskommunane mynde til å handsame og treffe vedtak i enkeltsaker som vedkjem administrasjon- og forvaltingsoppgåver innanfor saksområdet:

- Handsame og godkjenne søknadar frå hjortevald om bestandsplanområde og bestandsplanar for hjort som har teljande areal i deltakarkommunane.
- Tildel hjorteløyve til aktuelle bestandsplanområde med bakgrunn i:
 - *Vertskommunen sitt minsteareal for hjort (lokal forskrift).*
 - *Vertskommunen sine overordna mål for hjorteforvaltninga i kommunen.*
 - *Godkjende bestandsplanar.*
- Krevje inn fellingsavgifter for hjort etter fastsette satsar i kommunen, og overføre innkomne avgifter til samarbeidskommunane i same forhold som fordeling av teljande areal mellom kommunane.

I samsvar med § 17 i *Forskrift om Forvaltning av hjortevilt*, vert reglar i vertskommunen, gjevne i medhald av forskrifta, gjeldande for dei valda i samarbeidskommunane som inngår i bestandsplanområdet

Avtaleperiode og gyldigheit

Avtalen vert gjort gjeldande frå om med juni 2016.

Delegering av mynde til vertskommunen gjeld berre så lenge hjortevalda inngår i felles bestandsplanområde. Administrasjon av vald som melder seg ut av bestandsplanområde i samsvar med reglane i § 14 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, fell då attende til kommunen der valdet høyrer heime.

Rapportering

Vertskommunen pliktar å orientere deltakarkommunen om vedtak som vert fatta og andre, administrative forhold som vedkjem delegeasjonen av oppgåver og avgjerdsmynde.

Økonomi

Vertskommunen og samarbeidskommunen avtaler godtgjersle/kompensasjon for det administrative meirarbeidet avtalen medfører for vertskommunen.

Arkiv

Vertskommunen har arkivansvaret for samarbeidet etter arkivlova.

Endring av avtalen

Innhaldet i avtalen, med ansvar- og oppgåvefordeling kan endrast etter semje mellom deltakarkommunane.

Osterøy kommune
v/ rådmann

Vaksdal kommune
v/ Trine Grønbeck

Dato/sign

Dato/sign